

Åshild Ulstrup - talar på haustfesten 21. oktober.

14.09.2017



Åshild Ulstrup, tidlegare journalist og NRK medarbeidar i 40 år, vert talaren på haustfesten i ungdomslaget laurdag 21. oktober.

Tidlegare journalist og radiomedarbeidar, Åshild Ulstrup (83) vert talar på haustfesten i Uskedal ungdomslag laurdag 21. oktober. Ulstrup bur i Oslo, men har fritidshus på Valen der ho vaks opp. Programmet er lagt og ungdomslaget er klar for påmelding. Det populære dansebandet Trinity, tinga for eit år sidan, vil skapa god stemning på dansegolvet.

Mange kjenner Åshild Ulstrup frå radioprogramma Sånn er livet og Middagsstunden. Ho har skrive fleire dokumentar - og intervju bøker. Ho skriv fast i Aftenposten. I ein alder av 83 år er ho framleis aktiv og reiser landet rundt med kåseri og føredrag.

Åshild har mange gode minne frå oppveksten i Kvinnherad og turane til Uskedalen på dansar og familiebesøk. No ser ho fram til å koma til Uskedalen på haustfest i Helgheim.

Meir om programmet kjem seinare. Det vert seld 100 billetter og påmeldinga kan ta til. Meld dykk til rigmor@knett.no (47023450) eller kristian.bringedal@gmail.com (91531487)

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Med løyve frå Åshild Ulstrup